

Utval: **Fylkesutvalet**
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3.etasje i fylkeshuset, Bergen
Dato: 26.01.2017
Tidspunkt: Kl. 11.00-16.05

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Parti	Merknad
Roald Kvamme	Medlem	A	
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A	
Mari Klokkerstuen Kjellesvik	Medlem	A	
Helge Nævdal	Medlem	A	
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Nils Marton Aadland	Medlem	H	
Silje Hjemdal	Medlem	Frp	
Pål Kårbo	Fylkesvaraordførar	KrF	Møteleiar
Benthe Bondhus	Medlem	Sp	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG	
Anne-Beth Njærheim	Medlem	V	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Parti
Anne Gine Hestetun	Fylkesordførar	A
Terje Søviknes	Medlem	Frp

Følgjande varamedlemer møtte:

Navn	Møtte for	Parti
Synnøve Solbakken	Anne Gine Hestetun	A
Roald Stenseide	Terje Søviknes	Frp

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Svein Heggenheim	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Jostein Fjærstad	Eigedomsdirektør
Målfrid Vik Sønstabø	Leiar trafikktilbod, Skyss
Hilde Joranger Mæland	Leiar kommunikasjonsrådgjeving
Stanley Hauge	Informasjonssjef
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent fylkessekretariatet
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvale-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 1/17	Godkjenning møteinkalling		
PS 2/17	Godkjenning møtebok førre møte		
PS 3/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 1/17	Pilotprosjekt Vestlandet	2016/34147	
RS 2/17	Oversikt over tilsegn frå Handlingprogram for næringsutvikling i Hordaland pr. 31.12.2016	2014/10180	
RS 3/17	Svar på spørsmål i fylkesutvalet under sak 289/16 - kulturinstitusjoner HFK gir tilskudd	2015/12196	
RS 4/17	Administrativ fråsegn om forslag til klimalov	2016/34767	
RS 5/17	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. januar 2017	2015/10348	
RS 6/17	Hardanger AKS AS - brev til selskapet	2015/943	
PS 4/17	Delegerte saker		
PS 5/17	Regionreforma - intensjonsplan for samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane	2015/1434	
PS 6/17	Sak om status i arbeidet med framkomsttiltak	2016/35144	
PS 7/17	Omklassifisering av eksisterande E16 i samband med bygging av ny E16 på strekninga Slæn i Voss kommune til Hyland i Aurland kommune - høyringsuttale	2014/17253	
PS 8/17	Søknad om fråvik frå vegnormalane til reguleringsplan for Fv. 565 Mastrevik-Kilstraumen i Austrheim kommune	2016/34999	
PS 9/17	Alversund bru - opplegg for val av bruløysing	2016/3640	
PS 10/17	Fylkesvegprosjekt i Kvinnherad - forskotering i framtidig Kvinnheradpakke	2016/35026	
PS 11/17	Nye akvakulturoppgåver i samband med regionreforma på Vestlandet	2017/203	
PS 12/17	Søknad frå Odda kommune om omdisponering av konsesjonskraftmidlane frå Mågelibanan til Lindehuset	2017/56	
PS 13/17	Høyring om 132 kV kraftleidning Kjønnagard - Myrdalen	2016/34130	
PS 14/17	Forslag til endringar i vassdragsreguleringsloven og industrikonsesjonsloven. Fråsegn	2016/34359	
PS 15/17	Klimapartner Hordaland - vidare utvikling	2014/24656	
PS 16/17	Innspel frå Hordaland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2017	2017/230	
PS 17/17	Forslag til nye honorarsatsar for medlemmer i prøvenemnd	2016/34799	
PS 18/17	Pilotprosjekt Karriere Sunnhordland til ordinær drift	2014/16238	
PS 19/17	Ny forskrift om offentlege arkiv - høyring	2016/11055	
PS 20/17	Tilskot til folkehelsearbeid i kommunane - forlenging av tilskotsordning	2016/35103	
PS 21/17	Ymse		
PS 22/17	Godtgjersle til fylkesordførar i sjukemeldingsperioden	2017/711	

PS 1/17 Godkjenning møteinkalling

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

PS 2/17 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Vedtak

Møteprotokollen frå fylkesutvalet 08.12.2016 vart godkjend utan merknader.

PS 3/17 Referatsaker (meldingar)

Vedtak

Referatsak 1-6/17 vart refererte.

PS 4/17 Delegerte saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Vedtak

Det var ingen delegerte saker til dette møtet.

PS 5/17 Regionreforma - intensjonsplan for samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget viser til regionreforma og Stortinget sitt vedtak om ny regionstruktur frå 1.1.2020 med om lag 10 regionar. I den nye strukturen går fylkestinget primært inn for at det vert etablert ein Vestlandsregion som består av Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane.
2. Fylkestinget viser til at Rogaland fylkeskommune har vedteke å bestå som eigen region inntil vidare på grunn av manglande avklaringer om overføring av nye statlege oppgaver og ansvarsområder i tilstrekkeleg omfang. Det er derfor framforhandla ein intensjonsplan for etablering av ein ny folkevald region på Vestlandet beståande av Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkestinget godkjenner denne intensjonsplanen som grunnlag for eventuell etablering av ei slik regionløsing på Vestlandet under føresetnad av tilsvarende vedtak i fylkestinget i Sogn og Fjordane
3. Fylkestinget vil understreke at folketal og geografisk utstrekning ikkje må vere til hinder for etablering av Vestlandsregionen i ein ny regionstruktur, og at generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom statlege og regionale ansvarsområder må kunne fråvikast i ein regionstruktur med svært ulikt innbyggjartal i dei nye regionane. Fylkestinget ber om at oppgåvedifferensiering vert lagt inn i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere overføring av nye statlege oppgåver til regionalt folkevald nivå.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Silje Hjemdal (Frp) sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

«Alternativt forslag til punkt 2:
Fylkesutvalet tar forhandlingsresultatet til orientering.

Punkt 3 utgår.»

Silje Hjemdal (Frp) sette på vegner av (Frp, H og V) fram slik protokollmerknad:

«Intensjonsplanen tas i fylkesutvalget til orientering. Begrunnelsen for dette er at partiene mener det er store betenkigheter og utfordringer med forhandlingsresultatet som foreligger. Dette gjelder spesielt pkt. 7, hvor det heter at "Fondsmidlane, og utbytte av aksjane, skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane". Partiene mener dette punktet ikke kan aksepteres, da en region, må ha en felles økonomi. Det naturlige er da at økonomiske prioriteringer når det gjelder investering og drift blir gjenstand for politisk behandling, typisk i regionens budsjett.

Partiene vil i tiden frem mot fylkestinget 3 februar diskutere intensjonsplanen i sine partigrupper.»

Benthe Bondhus (Sp) sette fram slikt forslag:

Endring i punkt 2 (endringane er uteha):

«Fylkestinget viser til at Rogaland fylkeskommune har vedteke å bestå som eigen region inntil vidare på grunn av manglande avklaringar om overføring av nye statlege oppgåver og ansvarsområder i tilstrekkeleg omfang. Det er derfor framforhandla ein intensjonsplan for etablering av ein ny folkevald region på Vestlandet bestående av Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkestinget godkjenner denne intensjonsplanen som grunnlag for eventuell etablering av ei slik regionløysing på Vestlandet under føresetnad av **at nye oppgåver/ansvarsområde vert tilført** og tilsvarende vedtak **gjort** i fylkestinget i Sogn og Fjordane.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slik forslag (a):

«Nytt punkt:

Fylkestinget ynskjer følgande justering av avtalen på punkt Hovudmål 4 (Strategisk infrastrukturbygging «Vestlandsregionen skal sikre ein framtidsretta infrastruktur på Vestlandet, med mål om betra samband), første delmål til

«- Vestlandsregionen skal gjennom ei kontinuerleg satsing på infrastruktur og kommunikasjonar nytte synergiar og økologisk berekraft mellom vekstkraftige senter og omlandet betre. Realisering av utsleppsfree og Co2-nøytral ferjeflåte på Vestlandet er viktig. Det er også viktig at det blir utvikla jernbanestrutturar aust-vest som forkortar reisetida. I tillegg til dette er det også viktig at dei hovudvegkorridorane som vert valde aust-vest dekkjer regionen samla best mogleg.»

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til fylkesrådmannen sitt forslag:

1. Fylkestinget vedtek å seia nei til ein ny Vestlandsregion så lenge ein ikkje veit kva oppgåver som vert overført frå staten til regionnivået og kva oppgåver ein får behalda. Når oppgåvene er klare kan ein ta saka opp til ny vurdering. Oppgåver som bør over på eit regionalt nivå er t.d. sjukehusa og høgskular.
2. Hordaland fylkesting går inn for at det blir gjennomført ei rådgjevande folkerøysting i vestlandsfylka i samband med stortingsvalet 2017 før slutthandsaming i fylkestinga.
3. Administrasjonsspråket i ein eventuell ny Vestlandsregion skal vera nynorsk.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag (b):

«Nytt punkt:
Formuleringsa om namn og logo vert erstatta av "Det vert lyst ut ein namne- og logokonkurranse før ein tek avgjerd om namn og logo på den nye regionen."

Røysting

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 1 røyst (SV).

Hjemdal sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, H, V) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 fekk ingen røyster og fall.

Bondhus sitt forslag punkt 2 fekk 8 røyster (A, Sp, KrF, MDG) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 7 røyster (H, Frp, V, SV).

Tomren sitt forslag (a) fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Tomren sitt forslag (b) fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget viser til regionreforma og Stortinget sitt vedtak om ny regionstruktur frå 01.01.2020 med om lag 10 regionar. I den nye strukturen går fylkestinget primært inn for at det vert etablert ein Vestlandsregion som består av Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane.
2. Fylkestinget viser til at Rogaland fylkeskommune har vedteke å bestå som eigen region inntil vidare på grunn av manglande avklaringar om overføring av nye statlege oppgåver og ansvarsområde i tilstrekkeleg omfang. Det er derfor framforhandla ein intensjonsplan for etablering av ein ny folkevald region på Vestlandet beståande av Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkestinget godkjenner denne intensjonsplanen som grunnlag for eventuell etablering av ei slik regionløysing på Vestlandet under føresetnad av at nye oppgåver/ansvarsområde vert tilført og tilsvarande vedtak gjort i fylkestinget i Sogn og Fjordane.
3. Fylkestinget vil understreke at folketal og geografisk utstrekning ikkje må vere til hinder for etablering av Vestlandsregionen i ein ny regionstruktur, og at generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom statlege og regionale ansvarsområde må kunne fråvikast i ein regionstruktur med svært ulikt innbyggjartal i dei nye regionane. Fylkestinget ber om at oppgåvedifferensiering vert lagt inn i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere overføring av nye statlege oppgåver til regionalt folkevald nivå.

Protokollmerknad frå Frp, H og V

Intensjonsplanen tas i fylkesutvalget til orientering. Begrunnelsen for dette er at partiene mener det er store betenkigheter og utfordringer med forhandlingsresultatet som foreligger. Dette gjelder spesielt pkt. 7, hvor det heter at "Fondsmidlane, og utbytte av aksjane, skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane". Partiene mener dette punktet ikke kan aksepteres, da en region, må ha en felles økonomi. Det naturlige er da at økonomiske prioriteringer når det gjelder investering og drift blir gjenstand for politisk behandling, typisk i regionens budsjett.

Partiene vil i tiden frem mot fylkestinget 3 februar diskutere intensjonsplanen i sine partigrupper.

PS 6/17 Sak om status i arbeidet med framkomsttiltak

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vil peike på at betra framkomst for bussen er ein vesentleg føresetnad for å nå ambisiøse mål om vekst i kollektivtrafikken i Bergensområdet, og legg til grunn at framkomsttiltak for bussen vert definert som eige prosjekt i arbeidet med byvekstavtalen for Bergen.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at bruk av to av fire felt som kollektivfelt på innfartsårene vert teke opp i arbeidet med byutgreininga for Bergen.

3. Fylkesutvalet legg til grunn at dei relevante offentlege etatane organiserer seg og byggar opp kompetanse og ressursar, for å sikra at nullvekstmålet for biltrafikk i Bergensområdet vert nådd.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.01.2017

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 2:

Fylkesutvalet viser til at fylkestinget har vedtatt at kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppe bussane fram. Fylkesutvalet ber om at Statens vegvesen våren 2017 legg fram ein plan for korleis dette kan gjennomførast.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Hammer sitt forslag til punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 10 røyster mot 5 røyster (H, Frp) for fylkesrådmannen sitt forslag.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet vil peike på at betra framkomst for bussen er ein vesentleg føresetnad for å nå ambisiøse mål om vekst i kollektivtrafikken i Bergensområdet, og legg til grunn at framkomsttiltak for bussen vert definert som eige prosjekt i arbeidet med byvekstavtalen for Bergen.
2. Fylkesutvalet viser til at fylkestinget har vedtatt at kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppe bussane fram. Fylkesutvalet ber om at Statens vegvesen våren 2017 legg fram ein plan for korleis dette kan gjennomførast.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at dei relevante offentlege etatane organiserer seg og byggjer opp kompetanse og ressursar, for å sikra at nullvekstmålet for biltrafikk i Bergensområdet vert nådd.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Silje Hjemdal (Frp) sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

1. «Fylkesutvalet vil peike på at betra framkomst for bussen er ein vesentleg føresetnad for å nå ambisiøse mål om vekst i kollektivtrafikken i Bergensområdet, og legg til grunn at framkomsttiltak for bussen vert definert som eige prosjekt i arbeidet med byvekstavtalen for Bergen.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at bruk av to av fire felt som kollektivfelt på innfartsårene vert teke opp i arbeidet med byutgreiinga for Bergen.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at dei relevante offentlege etatane organiserer seg og byggar opp kompetanse og ressursar, for å sikra at nullvekstmålet for biltrafikk i Bergensområdet vert nådd.»

Røysting

Innstillinga punkt 1 og 3 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 2 vart vedteken med 10 røyster mot 5 røyster (Frp, H) for Hjemdal sitt forslag.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vil peike på at betra framkomst for bussen er ein vesentleg føresetnad for å nå ambisiøse mål om vekst i kollektivtrafikken i Bergensområdet, og legg til grunn at framkomsttiltak for bussen vert definert som eige prosjekt i arbeidet med byvekstavtalen for Bergen.
2. Fylkesutvalet viser til at fylkestinget har vedtatt at kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppe bussane fram. Fylkesutvalet ber om at Statens vegvesen våren 2017 legg fram ein plan for korleis dette kan gjennomførast.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at dei relevante offentlege etatane organiserer seg og byggjer opp kompetanse og ressursar, for å sikra at nullvekstmålet for biltrafikk i Bergensområdet vert nådd.

PS 7/17 Omklassifisering av eksisterande E16 i samband med bygging av ny E16 på strekninga Slæn i Voss kommune til Hylland i Aurland kommune - høyringsuttale

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tilrår at gamlevegen på E16 på strekninga Slæn i Voss kommune til Hylland i Sogn og Fjordane og Aurland kommune, vert omklassifisert til kommunal veg når det vert opna ny tunnel på strekninga mellom Hylland og Slæn.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.01.2017

Iril Schau Johansen (H) sette på vegner av H, Frp, MDG, V, HrF, Sp og A fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet tilrår ikkje at gamlevegen på E16, Slæn i Voss til Hylland i Sogn, vert omklassifisert til kommunal veg når det vert opna ny tunnel på strekninga.

Fylkesutvalet meiner at Stalheimskleivi, med tilførsel i begge endar, bør vere riksveg.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Johansen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tilrår ikkje at gamlevegen på E16, Slæn i Voss til Hylland i Sogn, vert omklassifisert til kommunal veg når det vert opna ny tunnel på strekninga.

Fylkesutvalet meiner at Stalheimskleivi, med tilførsel i begge endar, bør vere riksveg.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet tilrår ikkje at gamlevegen på E16, Slæn i Voss til Hylland i Sogn, vert omklassifisert til kommunal veg når det vert opna ny tunnel på strekninga.

Fylkesutvalet meiner at Stalheimskleivi, med tilførsel i begge endar, bør vere riksveg.

PS 8/17 Søknad om fråvik frå vegnormalane til reguleringsplan for Fv. 565 Mastrevik-Kilstraumen i Austrheim kommune

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet viser til søknad om fråvik frå vegnormalane i samband med reguleringsplanen til Fv. 565 Mastrevik-Kilstraumen i Austrheim kommune.

Fylkesutvalet godkjenner følgjande fråvik i samsvar med tilrådinga frå fråviksgruppa i Statens vegvesen, fråviksak;

- sak 59/16 Dimensjonerande kjøretøy og kjøremåte
- sak 60/16 Horisontalkurveradius
- sak 63/16 Overhøgde og resulterande fall

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.01.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet viser til søknad om fråvik frå vegnormalane i samband med reguleringsplanen til Fv. 565 Mastrevik-Kilstraumen i Austrheim kommune.

Fylkesutvalet godkjenner følgjande fråvik i samsvar med tilrådinga frå fråviksgruppa i Statens vegvesen, fråviksak;

- sak 59/16 Dimensjonerande kjøretøy og kjøremåte
- sak 60/16 Horisontalkurveradius
- sak 63/16 Overhøgde og resulterande fall

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet viser til søknad om fråvik frå vegnormalane i samband med reguleringsplanen til Fv. 565 Mastrevik-Kilstraumen i Austrheim kommune.

Fylkesutvalet godkjenner følgjande fråvik i samsvar med tilrådinga frå fråviksgruppa i Statens vegvesen, fråviksak;

- sak 59/16 Dimensjonerande kjøretøy og kjøremåte
- sak 60/16 Horisontalkurveradius
- sak 63/16 Overhøgde og resulterande fall

PS 9/17 Alversund bru - opplegg for val av bruløysing

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til tilrådinga i moglegheitstudien av fv. 565 Alverstraumen frå Statens vegvesen om val av trase i korridor midt som løysing for ny bru, og ber om at det vert sett i gang planarbeid for ny Alversund bru.
2. Fylkesutvalet støttar at ein går i gang med avgrensa og kortsiktig vedlikehald av Alversund bru i 2017/2018, noko som vil gi ei forlenga levetid av bruha på omlag 10 år.
3. Fylkesutvalet vil kome attende til eventuell prioritering og finansiering av ny Alversund bru i samband med handsaming av handlingsprogrammet til Regional transportplan 2018-2029.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.01.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet sluttar seg til tilrådinga i moglegheitstudien av fv. 565 Alverstraumen frå Statens vegvesen om val av trasé i korridor midt som løysing for ny bru, og ber om at det vert sett i gang planarbeid for ny Alversund bru.
2. Fylkesutvalet støttar at ein går i gang med avgrensa og kortsiktig vedlikehald av Alversund bru i 2017/2018, noko som vil gi ei forlenga levetid av bruha på omlag 10 år.
3. Fylkesutvalet vil kome attende til eventuell prioritering og finansiering av ny Alversund bru i samband med handsaming av handlingsprogrammet til Regional transportplan 2018-2029.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet sluttar seg til tilrådinga i moglegheitstudien av fv. 565 Alverstraumen frå Statens vegvesen om val av trasé i korridor midt som løysing for ny bru, og ber om at det vert sett i gang planarbeid for ny Alversund bru.
2. Fylkesutvalet støttar at ein går i gang med avgrensa og kortsiktig vedlikehald av Alversund bru i 2017/2018, noko som vil gi ei forlenga levetid av brua på omlag 10 år.
3. Fylkesutvalet vil kome attende til eventuell prioritering og finansiering av ny Alversund bru i samband med handsaming av handlingsprogrammet til Regional transportplan 2018-2029.

PS 10/17 Fylkesvegprosjekt i Kvinnherad - forskottering i framtidig Kvinnheradpakke

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget er positiv til arbeidet med Kvinnheradpakken og sluttar seg til realisering av prosjekta Fv 48 Lundssvingane og Rosendal kai/ kollektivknutepunkt slik det framgår av denne saka, med eit totalt kostnadsanslag på 53 millionar kroner eksklusive mva. Kvinnherad kommune er byggjerre, og dermed ansvarleg for eventuelle meirkostnader.

Det er ein føresetnad at prosjekta får høg prioritet i den framtidige Kvinnheradpakken.

2. Fylkestinget har gjennom vedtak av Plan og byggeprogrammet for 2017 løyvd eit tilskot på 10 millionar kr til Lundssvingane og Rosendal kai/kollektivknutepunkt, fordelt på 2017 og 2018. Tilskotet vil bli omgjort til fylkeskommunalt bidrag i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.
3. Fylkestinget godkjenner forskotteringssøknaden frå Kvinnherad kommune på totalt 10 millionar kroner. Forskotteringen er på vanlege vilkår, utan kompensasjon for prisstigning og renter. Refusjon skjer i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.

Kvinnherad kommune har risikoen dersom Kvinnheradpakken ikkje skulle bli realisert, og må i det tilfellet finna anna finansiering.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.01.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget er positiv til arbeidet med Kvinnheradpakken og sluttar seg til realisering av prosjekta Fv 48 Lundssvingane og Rosendal kai/ kollektivknutepunkt slik det framgår av denne saka, med eit totalt kostnadsanslag på 53 millionar kroner eksklusiv mva. Kvinnherad kommune er byggjerre, og dermed ansvarleg for eventuelle meirkostnader.

Det er ein føresetnad at prosjekta får høg prioritet i den framtidige Kvinnheradpakken.

2. Fylkestinget har gjennom vedtak av Plan og byggeprogrammet for 2017 løyvd eit tilskot på 10 millionar kr til Lundssvingane og Rosendal kai/kollektivknutepunkt, fordelt på 2017 og 2018. Tilskotet vil bli omgjort til fylkeskommunalt bidrag i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.
3. Fylkestinget godkjenner forskotteringssøknaden frå Kvinnherad kommune på totalt 10 millionar kroner. Forskotteringen er på vanlege vilkår, utan kompensasjon for prisstigning og renter.

Refusjon skjer i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.

Kvinnherad kommune har risikoen dersom Kvinnheradpakken ikkje skulle bli realisert, og må i det tilfellet finna anna finansiering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget er positiv til arbeidet med Kvinnheradpakken og sluttar seg til realisering av prosjekta Fv 48 Lundssvingane og Rosendal kai/ kollektivknutepunkt slik det framgår av denne saka, med eit totalt kostnadsanslag på 53 millionar kroner eksklusiv mva. Kvinnherad kommune er byggherre, og dermed ansvarleg for eventuelle meirkostnader.

Det er ein føresetnad at prosjekta får høg prioritet i den framtidige Kvinnheradpakken.

2. Fylkestinget har gjennom vedtak av Plan og byggeprogrammet for 2017 løyvd eit tilskot på 10 millionar kr til Lundssvingane og Rosendal kai/kollektivknutepunkt, fordelt på 2017 og 2018. Tilskotet vil bli omgjort til fylkeskommunalt bidrag i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.
3. Fylkestinget godkjenner forskotteringssøknaden frå Kvinnherad kommune på totalt 10 millionar kroner. Forskotteringa er på vanlege vilkår, utan kompensasjon for prisstigning og renter.

Refusjon skjer i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.

Kvinnherad kommune har risikoen dersom Kvinnheradpakken ikkje skulle bli realisert, og må i det tilfellet finna anna finansiering.

PS 11/17 Nye akvakulturoppgåver i samband med regionreforma på Vestlandet

Forslag til vedtak

1. Havbruksnæringa er ein av dei viktigaste næringane i Vestlandsregionen. For at næringa skal kunne utvikle seg på ein lønnsam og berekraftig måte, meiner Fylkesutvalet i Hordaland at det er trond for auka regionalt sjølvstyre i havbruksforvaltinga og samling av forvaltingsoppgåver under regional leiing.
2. På denne bakgrunn vil fylkesutvalet at Vestlandsregionen skal tilførast følgjande akvakulturoppgåver frå regional stat: Forureiningslova og vurderinger etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser og Naturmangfaldlova, Vassressurslova, konsekvensar for tradisjonell fiskeriverksemnd, dyrking av makroalgar, Hamne- og farvasslova, Akvakulturlova; Søknader om matfisk av laks og aure til særlege formål. Dispensasjon frå tildelingsforskriftene. Tildeling av ny produksjonskapasitet.
3. Saka om nye akvakulturoppgåver vert å sende til regjeringa ved Kommunal og moderniseringsdepartementet og Nærings- og Fiskeridepartementet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.

Saka vert lagt fram for utval for miljø og samferdsel og fylkestinget.»

Røysting (forslaget om utsettjing)

Tomren sitt forslag fekk 3 røyster (MDG, V, SV) og fall.

Røysting (saka)

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (MDG, SV).

Vedtak

1. Havbruksnæringa er ein av dei viktigaste næringane i Vestlandsregionen. For at næringa skal kunne utvikle seg på ein lønnsam og berekraftig måte, meiner fylkesutvalet i Hordaland at det er trong for auka regionalt sjølvstyre i havbruksforvaltinga og samling av forvaltingsoppgåver under regional leiing.
2. På denne bakgrunn vil fylkesutvalet at Vestlandsregionen skal tilførast følgjande akvakulturoppgåver frå regional stat: Forureiningslova og vurderinger etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser og naturmangfaldlova, vassressurslova, konsekvensar for tradisjonell fiskeriverksemd, dyrking av makroalgar, hamne- og farvasslova, akvakulturlova; søknader om matfisk av laks og aure til særlege formål. Dispensasjon frå tildelingsforskriftene. Tildeling av ny produksjonskapasitet.
3. Saka om nye akvakulturoppgåver vert å sende til regjeringa ved Kommunal og moderniseringsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet.

PS 12/17 Søknad frå Odda kommune om omdi disponering av konsesjonskraftmidlane frå Mågelibanen til Lindehuset

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad om å omdi disponera kr. 2,0 mill. i tidligare tilsegn gitt til Mågelibanen, til finansiering av restaurering av taket på Lindehuset.
2. I tildelingsbrevet skal det leggjast inn vilkår som sikrar at tiltaket vert gjennomført etter intensjonen og på bakgrunn av den nye plan for framdrift og fullfinansiering av Byggetrinn 1, og at fylkeskommunen si rolle vert synleggjort.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad om å omdi disponera kr. 2,0 mill. i tidligare tilsegn gitt til Mågelibanen, til finansiering av restaurering av taket på Lindehuset.
2. I tildelingsbrevet skal det leggjast inn vilkår som sikrar at tiltaket vert gjennomført etter intensjonen og på bakgrunn av den nye plan for framdrift og fullfinansiering av Byggetrinn 1, og at fylkeskommunen si rolle vert synleggjort.

PS 13/17 Høyring om 132 kV kraftleidning Kjønnagard - Myrdalen

Forslag til innstilling

1. Ut i frå ei heilskapleg vurdering rår Hordaland fylkeskommune til trasealternativ 2-B-II.
2. Fylkeskonservatoren viser til at det ikkje er gjort ei kulturminneregistrering av traseeane jf § 9 i Kulturminnelova. Det er alt kjent nærføring til automatisk freda kulturminne i området . Det vil slik verta stilt krav om kulturminnegranskningar jf. § 9 i Kulturminnelova i linje og tiltaksområde i samband med vedtatt linje. Me gjer merksam på at dersom det kjem fram automatisk freda kulturminne i konflikt med konsesjonslinje skal desse handterast etter Kulturminnelova.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Helge Nævdal (A) sette på vegner av A, Sp, SV, KrF, MDG, V, Frp og H fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1:

Ulvund og alt. II vert vald på strekninga mellom Kjønnagard og Vinje til åskanten der lina vil krysse utløpet av Oppheimsvatnet. Her bør traséen knekkast mot vest slik at den møter alt. I og følgjer denne vidare mot Vinje.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Nævdal sitt forslag til tillegg punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Ut i frå ei heilskapleg vurdering rår Hordaland fylkeskommune til trasealternativ 2-B-II. Ulvund og alt. II vert vald på strekninga mellom Kjønnagard og Vinje til åskanten der lina vil krysse utløpet av Oppheimsvatnet. Her bør traséen knekkast mot vest slik at den møter alt. I og følgjer denne vidare mot Vinje.
2. Fylkeskonservatoren viser til at det ikkje er gjort ei kulturminneregistrering av traséane jf. § 9 i kulturminnelova. Det er alt kjent nærføring til automatisk freda kulturminne i området. Det vil slik versta stilt krav om kulturminnegrarsingar jf. § 9 i kulturminnelova i linje og tiltaksområde i samband med vedtatt linje. Me gjer merksam på at dersom det kjem fram automatisk freda kulturminne i konflikt med konsesjonslinje skal desse handterast etter kulturminnelova.

PS 14/17 Forslag til endringar i vassdragsreguleringsloven og industrikonsesjonsloven. Fråsegn

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er positiv til forslag til revisjon av vassdragsreguleringsloven og industrikonsesjonsloven. Vassdragslovgjevinga har mykje å seie for Hordaland, og oppdateringane vil gjere lovtekstene lettare tilgjengeleg.
2. Forsлага vil føre til 4 lover med ganske like kortnamn. Fylkesutvalet ber departementet vurdere ytterlegare forenkling, mellom anna om det er behov for vassdragsloven i si noverande form.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.01.2017

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet er positiv til forslag til revisjon av vassdragsreguleringslova og industrikonsesjonslova. Vassdragslovgjevinga har mykje å seie for Hordaland, og oppdateringane vil gjere lovtekstane lettare tilgjengeleg.
2. Forsлага vil føre til 4 lover med ganske like kortnamn. Fylkesutvalet ber departementet vurdere ytterlegare forenkling, mellom anna om det er behov for vassdragslova i sin noverande form.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet er positiv til forslag til revisjon av vassdragsreguleringslova og industrikonsesjonslova. Vassdragslovgjevinga har mykje å seie for Hordaland, og oppdateringane vil gjere lovtekstane lettare tilgjengeleg.
2. Forslaga vil føre til 4 lover med ganske like kortnamn. Fylkesutvalet ber departementet vurdere ytterlegare forenkling, mellom anna om det er behov for vassdragslova i sin noverande form.

PS 15/17 Klimapartner Hordaland - vidare utvikling

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet i Hordaland tar saka til orientering og støttar at Klimapartner Hordaland vert vidareført.
2. Klimapartner Hordaland held fram som tiltak i klimaplanens handlingsprogram for perioden 2017 – 2020. Innan utgangen av 2019 må ein vurdere fylkeskommunen si rolle og eventuell økonomisk støtte på nyt.
3. Fylkesutvalet føreset at Hordaland fylkeskommune får ein plass i styringsgruppa.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.01.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet i Hordaland tar saka til orientering og støttar at Klimapartner Hordaland vert vidareført.
2. Klimapartner Hordaland held fram som tiltak i klimaplanens handlingsprogram for perioden 2017 – 2020. Innan utgangen av 2019 må ein vurdere fylkeskommunen si rolle og eventuell økonomisk støtte på nyt.
3. Fylkesutvalet føreset at Hordaland fylkeskommune får ein plass i styringsgruppa.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.01.2017

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet i Hordaland tar saka til orientering og støttar at Klimapartner Hordaland vert vidareført.
2. Klimapartner Hordaland held fram som tiltak i klimaplanens handlingsprogram for perioden 2017 – 2020. Innan utgangen av 2019 må ein vurdere fylkeskommunen si rolle og eventuell økonomisk støtte på nyt.
3. Fylkesutvalet føreset at Hordaland fylkeskommune får ein plass i styringsgruppa.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.01.2017

Karina Garnes Reigstad (MDG) stilte spørsmål om ho var ugild fordi ho er tilsett i Hordaland fylkeskommune, næringsseksjonen og er saksbehandlar for Klimapartner Hordaland.

Reigstad gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var ugild. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok samråystes at Karina Garnes Reigstad var ugild, jf. kommunelova § 40 nr. 3, forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Karina Garnes Reigstad gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 11 representantar til stades.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet i Hordaland tar saka til orientering og støttar at Klimapartner Hordaland vert vidareført.
2. Klimapartner Hordaland held fram som tiltak i klimaplanens handlingsprogram for perioden 2017 - 2020. Innan utgangen av 2019 må ein vurdere fylkeskommunen si rolle og eventuell økonomisk støtte på nyt.
3. Fylkesutvalet føreset at Hordaland fylkeskommune får ein plass i styringsgruppa.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Innstillinga vart samråystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet i Hordaland tar saka til orientering og støttar at Klimapartner Hordaland vert vidareført.
2. Klimapartner Hordaland held fram som tiltak i klimaplanens handlingsprogram for perioden 2017 - 2020. Innan utgangen av 2019 må ein vurdere fylkeskommunen si rolle og eventuell økonomisk støtte på nyt.
3. Fylkesutvalet føreset at Hordaland fylkeskommune får ein plass i styringsgruppa.

PS 16/17 Innspel frå Hordaland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2017

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på kunnskap, kompetanse og andre tiltak som styrker rekrutteringa til landbruket.
2. Fylkesutvalet meiner at verkemidlane i landbrukspolitikken må vere tilpassa ulikt ressursgrunnlag og regionale forskjellar for å sikre drift i heile landet.
3. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på eit nasjonalt utviklingsprogram for frukt- og bærprodusjon som legg særleg vekt på auka kompetanse, nye dyrkingsteknikkar og auke i økologiske produksjonar.
4. Fylkesutvalet anbefaler at ein større del av avtalemidlane forvaltas regionalt, for å målrette dei betre.
5. Fylkesutvalet meiner at rammene for nyinvestering i landbruket må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima, samt behovet for auka investering knytt til lausdriftskravet i 2034.
6. Skogen på vestlandet er hogstmogen. Fylkesutvalet meiner at det bør leggjast til rette for auka

berekraftig avverking og uttak av biomasse fra skog og auke i grad av vidareforedling nasjonalt og lokalt.

7. Fylkesutvalet anbefaler å vidareutvikle bygdenæringane i Hordaland gjennom nyskaping og innovasjon.
8. Fylkesutvalet meiner det er trøng for forsking som er tilpassa regionale forhold og at regionane difor bør få tilgang til forskingsmidlane som avsettas gjennom jordbruksavtalen.
9. Fylkesutvalet meiner FoU knytt til grøne skifte og bioøkonomi bør intensiverast og at det bør leggast til rette for meir samarbeid på tvers av bransje og sektorar.
10. Fylkesutvalet anbefaler at dreneringstilskot blir tilpassa etter regionale forhold

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Benthe Bondhus (Sp) sette fram slikt forslag:

«Endring i punkt 6.
Første setning endra til
«Mykje av skogen på Vestlandet er hogstmogen

Siste setning,
uttak av biomasse frå hogstmogen -skog»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på kunnskap, kompetanse og andre tiltak som styrker rekrutteringa til landbruket.
2. Fylkesutvalet meiner at verkemidlane i landbrukspolitikken må vere tilpassa ulikt ressursgrunnlag og regionale forskjellar for å sikre drift i heile landet.
3. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på eit nasjonalt utviklingsprogram for frukt- og bærdfyrking som legg særleg vekt på auka kompetanse, nye dyrkingsteknikkar og auke i økologiske produksjonar.
4. Fylkesutvalet anbefaler at ein større del av avtalemidlane forvaltas regionalt, for å målrette dei betre.
5. Fylkesutvalet meiner at rammene for nyinvestering i landbruket må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima, samt behovet for auka investering knytt til lausdriftskravet i 2034.
6. Mykje av skogen på vestlandet er hogstmogen. Fylkesutvalet meiner at det bør leggjast til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå hogstmogen skog og auke i grad av vidareforedling nasjonalt og lokalt.
7. Fylkesutvalet anbefaler å vidareutvikle bygdenæringane i Hordaland gjennom nyskaping og innovasjon.
8. Fylkesutvalet meiner det er trøng for forsking som er tilpassa regionale forhold og at regionane difor bør få tilgang til forskingsmidlane som avsettas gjennom jordbruksavtalen.
9. Fylkesutvalet meiner FoU knytt til grøne skifte og bioøkonomi bør intensiverast og at det bør leggast til rette for meir samarbeid på tvers av bransje og sektorar.
10. Fylkesutvalet anbefaler at dreneringstilskot blir tilpassa etter regionale forhold

PS 17/17 Forslag til nye honorarsatsar for medlemmer i prøvenemnd

Forslag til vedtak

Dei tilrådde satsane frå fylkesutdanningssjefenes kontaktutval og administrasjonstillegg på kr. 100 pr. prøve blir innført med verknad frå 01.01.17. Endring i satsar blir dekt av opplæring sitt budsjett.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 03.01.2017

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Dei tilrådde satsane frå fylkesutdanningssjefenes kontaktutval og administrasjonstillegg på kr. 100 pr. prøve blir innført med verknad frå 01.01.17. Endring i satsar blir dekt av opplæring sitt budsjett.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.01.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Dei tilrådde satsane frå fylkesutdanningssjefenes kontaktutval og administrasjonstillegg på kr. 100 pr. prøve blir innført med verknad frå 01.01.17. Endring i satsar blir dekt av opplæring sitt budsjett.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Dei tilrådde satsane frå fylkesutdanningssjefenes kontaktutval og administrasjonstillegg på kr. 100 pr. prøve blir innført med verknad frå 01.01.17. Endring i satsar blir dekt av opplæring sitt budsjett.

PS 18/17 Pilotprosjekt Karriere Sunnhordland til ordinær drift

Forslag til innstilling

- 1 Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen si tilråding om at pilotprosjekt Karriere Sunnhordland går over i ordinær drift frå 01.01.2017 og at dei to midlertidige stillingane blir gjort om til faste stillinger.
- 2 Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei politisk sak som vurderer korleis fylkeskommunen kan vidareutvikle det fylkeskommunale karriererettleiingstilbodet. Saka skal gjere greie for organisering og finansiering.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 03.01.2017

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda :

- 1 Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen si tilråding om at pilotprosjekt Karriere Sunnhordland går over i ordinær drift frå 01.01.2017 og at dei to midlertidige stillingane blir gjort om til faste stillinger.
- 2 Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei politisk sak som vurderer korleis fylkeskommunen kan vidareutvikle det fylkeskommunale karriererettleiingstilbodet. Saka skal gjere greie for organisering og finansiering.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.01.2017

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Innstilling til fylkesutvalet

- 1 Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen si tilråding om at pilotprosjekt Karriere Sunnhordland går over i ordinær drift frå 01.01.2017 og at dei to midlertidige stillingane blir gjort om til faste stillingar.
- 2 Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei politisk sak som vurderer korleis fylkeskommunen kan vidareutvikle det fylkeskommunale karriererettleiingstilbodet. Saka skal gjere greie for organisering og finansiering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen si tilråding om at pilotprosjekt Karriere Sunnhordland går over i ordinær drift frå 01.01.2017 og at dei to midlertidige stillingane blir gjort om til faste stillingar.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei politisk sak som vurderer korleis fylkeskommunen kan vidareutvikle det fylkeskommunale karriererettleiingstilbodet. Saka skal gjere greie for organisering og finansiering.

PS 19/17 Ny forskrift om offentlege arkiv - høyring

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet meiner at framlegget til forskrift til arkiv er godt tilpassa den digitale arkivdanninga, og stiller seg bak forslaget.
2. Fylkesutvalet er positiv til forslaget om at arkivtenesta vart lagt til internkontroll for arkiv i organet og at det i større grad enn tidlegare opnast opp for at organet sjølv kan definere korleis arkivtenesta skal organiserast. Fylkesutvalet meiner at føresegna om internkontroll bør innehalde krav til kompetanse i arkivtenesta.
3. Fylkesutvalet meiner at det i framlegg til ny arkivforskrift bør under § 3 om internkontroll for arkiv fastsetjast at offentlege organ ved konkurranseutsetjing av offentlege oppgåver kan krevje at dei private aktørane følgjer regelverket for offentlege arkiv.
4. Fylkesutvalet stiller seg positiv til at det blir opna opp for å lagre arkivmateriale digitalt i utlandet. Men ein føresetnad for å tillate skytenester med lagring i utlandet er at norske lovverk og IKT-tekniske krav utarbeidd av Datatilsynet vert ivaretake. Slike avtaler er juridisk kompliserte og det er behov for spesifikk kompetanse på feltet. Ein føresetnad er difor at det det frå sentralt hald, til dømes i Arkivverket, vert utarbeidd malar og rettleiarar på fagområdet.
5. Fylkesutvalet er skeptisk til å kassere arkivmateriale etter digitalisering slik regelverket i forslaget er utforma. Det er viktig at det blir stilt krav til at kontekstinformasjon blir dokumentert når arkiv skal digitaliserast. Fylkesutvalet meiner at ein må sikre at det digitaliserte materiale tåler teknologiskifte og å bli migrert til nye elektroniske system.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.01.2017

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet meiner at framlegget til forskrift til arkiv er godt tilpassa den digitale arkivdanninga, og stiller seg bak forslaget.
2. Fylkesutvalet er positiv til forslaget om at arkivtenesta vart lagt til internkontroll for arkiv i organet og at det i større grad enn tidlegare opnast opp for at organet sjølv kan definere korleis arkivtenesta skal organiserast. Fylkesutvalet meiner at føresegna om internkontroll bør innehalde krav til kompetanse i arkivtenesta.
3. Fylkesutvalet meiner at det i framlegg til ny arkivforskrift bør under § 3 om internkontroll for arkiv fastsetjast at offentlege organ ved konkurransesettjing av offentlege oppgåver kan krevje at dei private aktørane følgjer regelverket for offentlege arkiv.
4. Fylkesutvalet stiller seg positiv til at det blir opna opp for å lagre arkivmateriale digitalt i utlandet. Men ein føresetnad for å tillate skytenester med lagring i utlandet er at norske lovverk og IKT-tekniske krav utarbeidd av Datatilsynet vert ivaretake. Slike avtaler er juridisk kompliserte og det er behov for spesifikk kompetanse på feltet. Ein føresetnad er difor at det det frå sentralt hald, til dømes i Arkivverket, vert utarbeidd malar og rettleiarar på fagområdet.
5. Fylkesutvalet er skeptisk til å kassere arkivmateriale etter digitalisering slik regelverket i forslaget er utforma. Det er viktig at det blir stilt krav til at kontekstinformasjon blir dokumentert når arkiv skal digitaliserast. Fylkesutvalet meiner at ein må sikre at det digitaliserte materiale tåler teknologiskifte og å bli migrert til nye elektroniske system.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner at framlegget til forskrift til arkiv er godt tilpassa den digitale arkivdanninga, og stiller seg bak forslaget.
2. Fylkesutvalet er positiv til forslaget om at arkivtenesta vart lagt til internkontroll for arkiv i organet og at det i større grad enn tidlegare opnast opp for at organet sjølv kan definere korleis arkivtenesta skal organiserast. Fylkesutvalet meiner at føresegna om internkontroll bør innehalde krav til kompetanse i arkivtenesta.
3. Fylkesutvalet meiner at det i framlegg til ny arkivforskrift bør under § 3 om internkontroll for arkiv fastsetjast at offentlege organ ved konkurransesettjing av offentlege oppgåver kan krevje at dei private aktørane følgjer regelverket for offentlege arkiv.
4. Fylkesutvalet stiller seg positiv til at det blir opna opp for å lagre arkivmateriale digitalt i utlandet. Men ein føresetnad for å tillate skytenester med lagring i utlandet er at norske lovverk og IKT-tekniske krav utarbeidd av Datatilsynet vert ivaretake. Slike avtaler er juridisk kompliserte og det er behov for spesifikk kompetanse på feltet. Ein føresetnad er difor at det det frå sentralt hald, til dømes i Arkivverket, vert utarbeidd malar og rettleiarar på fagområdet.
5. Fylkesutvalet er skeptisk til å kassere arkivmateriale etter digitalisering slik regelverket i forslaget er utforma. Det er viktig at det blir stilt krav til at kontekstinformasjon blir dokumentert når arkiv skal digitaliserast. Fylkesutvalet meiner at ein må sikre at det digitaliserte materiale tåler teknologiskifte og å bli migrert til nye elektroniske system.

PS 20/17 Tilskot til folkehelsearbeid i kommunane - forlenging av tilskotsordning

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune vidarefører ordninga med økonomisk tilskot til folkehelsearbeid i kommunane innanfor eksisterande økonomiske rammer og etter noverande fordelingsnøkkelen for åra 2017-2019. Det vert teke slikt etterhald: a) tidlegare gjennomføring av kommunesamslåingar og b) nye føringer i samband med innføring av regionreforma.
2. Spørsmålet om vidare tilskot til folkehelsearbeid frå Hordaland fylkeskommune til kommunane i fylket skal utgreiaast i samband med regionreforma. Bruk av tilskotet til delfinansiering av stilling som folkehelsekoordinator vert avvikla i samband innføring av kommunereforma.
3. Ordninga med tilskotsmidlar etter innbyggjartal vert vidareført i perioden. Kommunar over 10.000 innbyggjarar kan få kr 150.000 pr. år i tilskot, kommunar mellom 5.000 og 10.000 innbyggjarar kan få kr 100.000 og kommunar under 5.000 innbyggjarar kr 75.000. pr. år i tilskot. Årlege tilskot vert gjeve etter søknad.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.01.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune vidarefører ordninga med økonomisk tilskot til folkehelsearbeid i kommunane innanfor eksisterande økonomiske rammer og etter noverande fordelingsnøkkelen for åra 2017-2019. Det vert teke slikt etterhald: a) tidlegare gjennomføring av kommunesamslåingar og b) nye føringer i samband med innføring av regionreforma.
2. Spørsmålet om vidare tilskot til folkehelsearbeid frå Hordaland fylkeskommune til kommunane i fylket skal utgreiaast i samband med regionreforma. Bruk av tilskotet til delfinansiering av stilling som folkehelsekoordinator vert avvikla i samband innføring av kommunereforma.
3. Ordninga med tilskotsmidlar etter innbyggjartal vert vidareført i perioden. Kommunar over 10.000 innbyggjarar kan få kr 150.000 pr. år i tilskot, kommunar mellom 5.000 og 10.000 innbyggjarar kan få kr 100.000 og kommunar under 5.000 innbyggjarar kr 75.000. pr. år i tilskot. Årlege tilskot vert gjeve etter søknad.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.01.2017

Beate Husa (KrF) sette fram slikt forslag:

«Endring i punkt 3: (endringane er understreka)
Ordninga med tilskotsmidlar etter innbyggjartal vert vidareført i perioden. Kommunar over 10.000 innbyggjarar kan få kr 145.000 pr. år i tilskot, kommunar mellom 5.000 og 10.000 innbyggjarar kan få kr 95.000 og kommunar under 5.000 innbyggjarar kr 70.000. pr. år i tilskot. Bergen kommune kan få kr 250.000 i tilskot. Årlege tilskot vert gjeve etter søknad.»

Røysting

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Husa sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune vidarefører ordninga med økonomisk tilskot til folkehelsearbeid i kommunane innanfor eksisterande økonomiske rammer og etter noverande fordelingsnøkkelen for åra 2017-2019. Det vert teke slikt etterhald: a) tidlegare gjennomføring av kommunesamslåingar og b) nye føringer i samband med innføring av regionreforma.

2. Spørsmålet om vidare tilskot til folkehelsearbeid frå Hordaland fylkeskommune til kommunane i fylket skal utgreiast i samband med regionreforma. Bruk av tilskotet til delfinansiering av stilling som folkehelsekoordinator vert avvikla i samband innføring av kommunereforma.
3. Ordninga med tilskotsmidlar etter innbyggjartal vert videreført i perioden. Kommunar over 10.000 innbyggjarar kan få kr 145.000 pr. år i tilskot, kommunar mellom 5.000 og 10.000 innbyggjarar kan få kr 95.000 og kommunar under 5.000 innbyggjarar kr 70.000. pr. år i tilskot. Bergen kommune kan få kr 250.000 i tilskot. Ålege tilskot vert gjeve etter søknad.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Anne Beth Njærheim (V) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er tilsett som folkehelsekoordinator i Bømlo kommune. Njærheim gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Anne Beth Njærheim var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Anne Beth Njærheim gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Røysting

Fylkesvaraordføraren la innstillinga frå utval for kultur, idrett og regional utvikling til grunn for røystinga.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune viderefører ordninga med økonomisk tilskot til folkehelsearbeid i kommunane innanfor eksisterande økonomiske rammer og etter noverande fordelingsnøkkelen for åra 2017-2019. Det vert teke slikt etterhald: a) tidlegare gjennomføring av kommunenesamanslåingar og b) nye føringar i samband med innføring av regionreforma.
2. Spørsmålet om vidare tilskot til folkehelsearbeid frå Hordaland fylkeskommune til kommunane i fylket skal utgreiast i samband med regionreforma. Bruk av tilskotet til delfinansiering av stilling som folkehelsekoordinator vert avvikla i samband innføring av kommunereforma.
3. Ordninga med tilskotsmidlar etter innbyggjartal vert videreført i perioden. Kommunar over 10.000 innbyggjarar kan få kr 145.000 pr. år i tilskot, kommunar mellom 5.000 og 10.000 innbyggjarar kan få kr 95.000 og kommunar under 5.000 innbyggjarar kr 70.000. pr. år i tilskot. Bergen kommune kan få kr 250.000 i tilskot. Ålege tilskot vert gjeve etter søknad.

PS 21/17 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Sakene vart behandla i slik rekjkjefølgje: PS 5-20/17, PS 22/17.

ORIENTERINGAR

Fylkesdirektør samferdsel orienterte om byvekstavtalen.

Fylkesrådmannen orienterte om beredskapstakstar. Utdelt i møtet:

- Brev av 19.01.2017 frå Hordaland fylkeskommune til Bergen kommune om «Beredskapstakstar i bomringen i Bergen – finansiering av gratis kollektivtransport»
- Notat av 23.01.2017 frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet om «Gratis kollektivtransport ved innføring av beredskapstakstar i Bergen»

INNSENDE SPØRSMÅL

Aud Karin Oen (SV) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Vaskebil

For å løysa vanskar med den dårlige luftkvalitet i Bergen må ein setja inn mange forskjellige tiltak. I Trondheim «vaskar» ein dei store innfartsårane med ei spesialmaskin. (Sjå lekkja under)

1. Er «vasking» av vegar eit mogeleg tiltak i Hordaland/Bergen?
2. Ville det eventuelt kunne vera eit tiltak som Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune kunne ha samarbeida om?

Slik løste Trondheim problemene med bylufta - NRK Trøndelag - Lokale nyheter, TV og radio.

[https://www.nrk.no/trondelag/slik-loste-trondheim-problemen-med-bylufta-1.13332847 §»](https://www.nrk.no/trondelag/slik-loste-trondheim-problemen-med-bylufta-1.13332847)

Silje Hjemdal (Frp) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«I fjer kunne vi lese i mediene om den nye vaskebilen som skulle redusere svevestøv i Trondheim. Undertegnede stilte da et spørsmål om hva som var praksis i Bergen, og om denne teknologien evt. kunne tenkes å gjøre nytte i Bergen.

Nå kan vi igjen lese at denne «super» vaskebilen gjør stor suksess i Trondheim.

<https://www.nrk.no/trondelag/slik-loste-trondheim-problemen-med-bylufta-1.13332847>

Undertegnede mener det bør vurderes om tilsvarende tiltak kan ha en positiv effektiv for svevestøv og byluft i Bergen.

Spørsmål

1. Er denne type vasketeknologi vurdert i Bergen?
2. Dersom ikke, vil HFK snarest undersøke hvilke muligheter det er for å forsøke dette snarest mulig?»

Fylkesvaraordføraren svarte slik på spørsmåla fra Oen og Hjemdal:

«Det vert vist til metoden som vert nytta i Trondheim med vasking med ei spesialmaskin, der støv vert fjerna.

Svevestøv (PM10) er ein utfordring for luftkvalitet, særskilt i byområde. I Bergen løyser vi denne utfordringa ved å spyle vegnettet, kombinert med kosting og påføring av magnesiumklorid (MgCl). Vi nyttar MgCl for å binde finstøvet som eventuelt måtte ligge igjen. I piggdekkssesongen er dette nyttig som førebyggande tiltak, då det rask kjem nyt svevestøv. MgCl verkar slik at det fuktar nyt svevestøv, og på den måten bind det fast til asfalten.

Vi kjenner ikkje inngåande til det som vert gjort i Trondheim. Vi har for nokre år sidan fått demonstrert ei maskin med tilsvarende eigenskapar. Der den kom til vart det veldig reint. Problemet var å kome til alle stadar, noko som gjeld alle maskiner med hjul. Det er t.d. umogeleg å kome inntil kanstein, og der det er kurvatur av ein viss grad. Slike maskiner kjem heller ikkje til på opphøgde areal. Vi måtte uansett ha satsa på spyling og MgCl mange stader i Bergen.

Vegvesenet følgjer med på teknologi og metodar innanfor dette fagområdet, og vil velje dei beste metodane som er tilgjengeleg. Samtidig er det viktig å presisere at målingar viser at vi i Bergen har halde forskriftskrava dei siste åra. Dei siste åra har målingar av PM10 i Bergen også låge under dei meir ambisiøse nasjonale måla.»

Silje Hjemdal (FrP) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Bedre kollektiv

I forbindelse med budsjettforliket høsten 2016, ble det bevilget 425 millioner ekstra til belønningsordningen for bedre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområder. Denne potten på 425 millioner kan nå Bergen søke på.

Dette er en gladsak som fylket snarest bør ta fatt på. Spørsmålet blir da om fylkesrådmannen kan orientere fylkesutvalget om prosess for søknad og evt. legge frem oversikt på prosjekter/tiltak som kan ventes å kunne bedre kollektivtransporten.»

Fylkesvaraordføraren svarte slik:

«Fylkesrådmannen er kjent med at Stortinget har løyvd ekstra belønningsmidler for 2017 og har starta arbeidet med å utarbeida ein søknad om slike midlar.

Samferdselsdepartementet har i brev frå 24.01.2017 invitert åtte byområde til å søka om ekstra belønningsmidler for 2017. Søknadsfristen er sett til 4.3.2017.

Sidan det er dei største byområda som har dei største utfordringane knytt til framkome og miljø, vil departementet fordela forholdsvis meir av den auka ramma til dei største byområda. I 2016 fekk Bergen 80 mill. kr. av tilsvarende ekstraløyving belønningsmidler for 2016 på 400 mill. kr. Fylkesrådmannen ser det som rimeleg å forventa at Bergen i 2017 kan få bortimot 100 mill.kr. av ramma på 425 mill.kr.

Grunna knapp tidsfrist for søknaden, vil fylkesrådmannen i samarbeid med Bergen kommune utarbeida og senda inn ein søknad med forslag til tiltak/prosjekt, der det vert teke etterhald om politiske vedtak i Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Fylkesutvalet vil få søknaden til handsaming i møte 30. mars.»

Silje Hjemdal (FrP) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Det stilles en rekke spørsmål bl.a. under ymseposten i fylkesutvalget. Noen ganger er disse skriftlige og andre ganger muntlige spørsmål. Som det er blitt diskutert utgjør dette noe forskjell i hvordan spørsmålene og svar refereres.

Det er veldig fint at vi får en status for spørsmål og oversendingforslag i fylkesutvalget, men det er noen ganger litt kronglete å finne tilbake til evt. svar.

Mitt spørsmål er derfor om HFK kunne ha et spørsmålsregister slik som man har i for eksempel Bergen Kommune. Da hadde det vært enklere både for politikere og innbyggere i fylket å orientere seg om status og svar på spørsmålene som tas opp.»

Fylkesvaraordføraren svarte slik:

«Fylkesrådmannen vil sjå nærmere på korleis Bergen kommune har løyst dette, og om det kan gjennomførast med våre tekniske moglegheiter.

Fylkesrådmannen vil kome tilbake til dette til møtet i fylkesutvalet 22. februar 2017.»

OPEN TIME

Silja Ekeland Bjørkly (H) etterlyste svar på tidlegare innsend spørsmål om «Stasbudsjettet – konsekvensar for produksjonsskulen på Hjeltnes». Fylkesrådmannen opplyste at notat vert lagt fram i neste møte.

Silja Ekeland Bjørkly (H) stilte spørsmål knytt til endringar i Skyss sitt takstregulativ for vaksne som reiser med barn. Målfrid Vik Sørstabø frå Skyss svarte.

Mona Røsvik Strømme (H) stilte slikt spørsmål: «Etterlysning av sak/søknad frå Masfjorden kommune ang. å drifta tannlegekontor i egen regi.» Fylkesrådmannen svarte på spørsmålet.

Kari Sørensen Bernardini (A) stilte slike spørsmål: «Kva skjer med skole-pc'er og nettbrett som leveres tilbake til fylkeskommunen?» Fylkesdirektør oppgjør svarte på spørsmålet.

Anne Beth Njærheim (V) stilte slike spørsmål: «Kva er status i forhold til arbeidet med pilotprosjektet vidaregåande opplæring på Bømlo?» Fylkesdirektør oppgjør orienterte.

Synnøve Solbakken (A) stilte slike spørsmål: «Det pågår eit arbeid med skiltplan i Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen, spesielt i Hardanger og Kvinnherad. Kan fylkesordføraren gje ei orientering kor langt arbeidet er kome?» Fylkesdirektør samferdsel orienterte.

Aud Karin Oen (SV) sette fram slik forslag til fråsegn til Fiskeridirektoratet:

«Fylkesutvalet vil støtta Blom Fiskeoppdrett si satsing på ny miljøteknologi. Teknologien går ut på å utvikla store oppsamlarar på havbotn under merdane. For-restane skal samlast opp og fraktast til ein miljøstasjon og eit nytt biogassanlegg i Øygarden. Bellona, Innovasjon Norge og ein av landets leiande aktørar på biogass er med på laget. Avslaget er grunna i at dette ikkje er retta mot sjukdom, lakselus eller rømming. Fylkesutvalet meiner at oppdrettsplattformen som eit miljøproblem er viktig å finna gode løysingar på og oppmodar Fiskeridirektoratet til å gå inn for at dette prosjektet kan verta realisert.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slik protokollmerknad:

«Stemmeklaring: MDG stemmer imot pga. at saken ikke er belyst godt nok til at vi kan ta stilling til den.»

Fylkesutvalet vedtok mot 1 røyst (MDG) å realitetsbehandle forslaget og vedtok deretter forslaget mot 1 røyst (MDG).

Vedtak

Fylkesutvalet vil støtta Blom Fiskeoppdrett si satsing på ny miljøteknologi. Teknologien går ut på å utvikla store oppsamlarar på havbotn under merdane. For-restane skal samlast opp og fraktast til ein miljøstasjon og eit nytt biogassanlegg i Øygarden. Bellona, Innovasjon Norge og ein av landets leiande aktørar på biogass er med på laget. Avslaget er grunna i at dette ikkje er retta mot sjukdom, lakselus eller rømming. Fylkesutvalet meiner at oppdrettsplattformen som eit miljøproblem er viktig å finna gode løysingar på og oppmodar Fiskeridirektoratet til å gå inn for at dette prosjektet kan verta realisert.

Protokollmerknad frå MDG

Stemmeklaring: MDG stemmer imot pga. at saken ikke er belyst godt nok til at vi kan ta stilling til den.

Benthe Bondhus (Sp) stilte slike spørsmål:

«Stenging av Rv 13 – Dealdo, rassikringsprosjekt

Deler bekymringa til befolkninga og lokalt næringsliv når vegen på ny skal stengjast i 5 veker.

- Tryggleik
- Avgjersle for stenging (kven, og kor høgt oppe i systemet?)
- Ekstrakostnad – utover anbod på 113,8 mill.
- Ni anbod inn, billigaste 113,8 mill. – høgste 195 mill. Konkurransevriding?»

Bondhus bad om skriftleg svar på spørsmålet.

Tom Sverre Tomren (MDG) stilte slike spørsmål:

«MDG ber om en redegjørelse på status på arbeidet med å implementere nullutslippsteknologi (elbusser og Hydrogen) hos Skyss.»

Fylkesrådmannen vil kome tilbake med skriftleg svar.

Tom Sverre Tomren (MDG) spurde om korleis han kan melde frå til NDLA om utvikling av fag. Fylkesdirektør oppgjør svarte på spørsmålet.

PS 22/17 Godtgjersle til fylkesordførar i sjukemeldingsperioden

Forslag til innstilling

1. I samsvar med regelverket for tilsette i Hordaland fylkeskommune, godkjenner fylkestinget at Hordaland fylkeskommune dekker differansen mellom ytingane frå NAV og den avtalte godtgjersla for vervet som fylkesordførar, i den perioden fylkesordføraren er sjukemeld.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med ei eiga sak knytt til reglementet Godtgjersle til folkevalde», der ein klårgjer retningslinene for slik godtgjersle ved sjukefråvær hos fylkesordførar, fylkesvaraordførar og andre folkevalde.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. I samsvar med regelverket for tilsette i Hordaland fylkeskommune, godkjenner fylkestinget at Hordaland fylkeskommune dekker differansen mellom ytingane frå NAV og den avtalte godtgjersla for vervet som fylkesordførar, i den perioden fylkesordføraren er sjukemeld.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med ei eiga sak knytt til reglementet «Godtgjersle til folkevalde», der ein klårgjer retningslinene for slik godtgjersle ved sjukefråvær hos fylkesordførar, fylkesvaraordførar og andre folkevalde.